

# **Skal vi køyre deg ein tur? Prøv Skyss Bestilling!**

**Bussen hentar  
deg der du er**

**og køyrer deg  
dit du skal**



**skyss ▾**



# Slik fungerer Skyss Bestilling

Skyss Bestilling er bestillingsbussar som køyrer når nokon har bestilt dei. Tilbodet er for alle, og det er godt tilrettelagt for personar med funksjonsvariasjonar. Du kan for eksempel bestille ein tur dersom du skal til butikken, på trening, til legen eller på besøk.

På nettsida **skyss.no/bestilling** får du full oversikt over kvar du kan reise med Skyss Bestilling i kommunen din.

Når du har bestilt, vil du få informasjon om nøyaktig kva klokkeslett du blir henta. Dersom mange skal reise samtidig, kan det bli litt ventetid.

Du kjøper billett i appen Skyss Billett, om bord med kontantar eller bankkort, på SMS eller i nettbutikken. Billettane, prisane og reisevilkåra er dei same på Skyss Bestilling som på andre bussar.

Prøv bestillingsbussen, du også. Velkommen om bord!



## Bestill slik det passar for deg



Last ned appen **Skyss Bestilling** og legg inn bestillinga di.



På nettsida **skyss.no/bestilling**.



Ring oss på telefon **55 55 90 99**, måndag-fredag 08.00-17.00.

